

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/8216-3

Søknad om fleire avgangar - Fjord 2**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fjord2 AS får auke tal avgangar med ein frå Kaupanger kl. 10.30 og frå Gudvangen kl. 13.30 i perioden 15. juli til 10. august.
- 2 Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.
- 3 Dei nye avgangane vert lagt til på eksisterande ruteløyve.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved: HS-sak 6/15 og 2/16

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fjord2 opplever høg etterspurnad i toppsesongen. Dei søker no om løyve til ein ekstra avgang i kvar retning i perioden 15. juli – 10. august, kl. 10.30 frå Kaupanger og kl. 13.30 frå Gudvangen.

Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutval for samferdsle (HS) har tidlegare handsama søknader frå Fjord2, HS-sak 6/15 og 2/16. I HS-sak 2/16 gjorde HS vedtak om at Fjord2 skulle få utvide med to fleire avgangar i kvar retning, slik at dei no har ruteløyve på følgjande avgangstider:

Periode	15.05 – 31.05 1.09 – 14.09	1.06 – 30.06 21.08 – 31.08	1.07 – 20.08
Frå Kaupanger	09.00	09.00 15.00	09.00 12.00 15.00 18.00
Frå Gudvangen	12.00	12.00 18.00	09.00 12.00 15.00 18.00

Andre opplysningar

Ruteløyvet Fjord2 har i dag er gyldig frå 01.05.2015 til 01.10.2024.

I § 28 i yrkestransportforskrifta står det at ruteplanen må vere godkjent av løyvemyndigheita. Forslag om endring av ruteplanen skal sendast løyvemyndigheita seinast 4 månader før endringa skal tre i kraft. Fjord2 overheld denne fristen.

2. Konsekvensar

Aurland havnevesen seier i epost til administrasjonen 14.10.16 at *dei ikkje kan sjå at der er andre inne til kai mellom kl. 13.00 og 13.30, so kaiplass skal gå greit.*

Oversikt over avgangar mellom Kaupanger og Gudvangen på bakgrunn av søknaden frå Fjord2:

Periode	15.05 – 31.05 1.09 – 14.09	1.06 – 30.06 21.08 – 31.08	1.07 - 14.07 11.08 – 20.08	15.07 -10.08
Frå Kaupanger	09.00	09.00 15.00	09.00 12.00 15.00 18.00	09.00 10.30 12.00 15.00 18.00
Frå Gudvangen	12.00	12.00 18.00	09.00 12.00 15.00 18.00	09.00 12.00 13.30 15.00 18.00

Ein ny avgang frå Kaupanger kl. 10.30 og frå Gudvangen kl. 13.30 vil i følgje tilbakemelding frå hamnevesenet ikkje by på utfordringar i høve andre operatørar.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner det er bra at tal avgangar vert auka med ein i kvar retning i perioden 15. juli til 10. august når det er ledig kaiplass. Det er positivt at Fjord2 vil prøve å kome etterspurnaden i marknaden i møte.